

---

**Fra:** Kristian Solheim <Kristian@entilen-arkitekter.no>  
**Sendt:** 19. mars 2015 14:23  
**Til:** Kristin Nielsen  
**Kopi:** 'kare@abora.no'  
**Emne:** SV: Gbnr 137/665 - Spørsmål om søknad om endring av løyve  
**Vedlegg:** Svar på søknad om avkjørsle frå kommuneveg - gbnr 137665 Alver (L)(1004....pdf

Hei

Fint at tillatelsen til å heve bygget er greit, vi ønsker derfor å få en tillatelse for heving av høyden, så det formelle er i orden .

Når det gjelder muren må jeg ta en runde med byggherre vedrørende hva vi velger å gjøre. Når det gjelder frisiktlinjen, vil det høyeste punktet (1 m) ligge utenfor frisiktlinjen, innenfor siktlinjen vil murens høyeste punkt være under 0,5m. Muren vil således ikke komme i konflikt med siktlinjen for utkjørsel. Dette ble dokumentert i innsendt materiale for søknad om avkjørsel, og satt som en forutsetning for tillatelsen som ble gitt, noe vi selvfølgelig forholder oss til.

Med vennlig hilsen  
Kristian Solheim

---

INT ARK NIL

EN <sup>TIL</sup> EN  
ARKIT  
EKTER

ADRESSE

---

Øvre Korskirkesmug 2B,  
5018 Bergen

TELEFON / FAX

INTERNETT

---

[www.entilen-arkitekter.no](http://www.entilen-arkitekter.no)

MOBIL

---

(+47) 92 88 93 88

---

**Fra:** Kristin Nielsen [<mailto:Kristin.Nielsen@lindas.kommune.no>]  
**Sendt:** 18. mars 2015 16:35  
**Til:** Kristian Solheim  
**Emne:** Gbnr 137/665 - Spørsmål om søknad om endring av løyve

Hei!

Eg ser no på søknaden dykkar om endring av løyve for gbnr 137/665 i Lindås kommune.

Søknaden om å heve bygget er i seg sjølv ok, og såleis kan vi gje delvis løyve til endring av søknad for dette punktet.

Søknaden om forstøtningsmur viser at denne er plassert i strid med den regulerte byggegrensa mot vegen. For å kunne føre opp denne muren, må det difor søkast om dispensasjon frå reguleringsplanen. Eininga Teknisk drift vil få denne dispensasjonssøknaden til uttale.

Forstøtningsmuren er plassert i siktsona mot vegen, som vist på den innsendte situasjonsplanen. Som skriven i «Svar på søknad om avkøyrsløse frå kommuneveg – gbnr 137/665 Alver» frå Teknisk drift, datert 01.04.2014, må mellom anna dette vere stetta: «Siktsoner skal ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå». Det er ikkje sendt inn terrengprofilar som viser om dette er stetta eller ikkje. Om det er stetta, ber vi dykk sende inn dokumentasjon på dette.

Forstøtningsmuren går heilt til nabogrensa til gbnr 137/544, og er såleis i strid med SAK § 4-1 bokstav c femte ledd:

*5. «Mindre forstøtningsmur på inntil 1,0 m høyde og avstand fra nabogrense på minst 2,0 m, eller forstøtningsmur på inntil 1,5 m høyde og avstand fra nabogrense på minst 4,0 m. Muren må ikke hindre sikten i frisiktsoner mot vei»*

Sidan muren er høgare enn 1,0 meter, er altså kravet at avstand til nabogrensa skal vere minst 4,0 meter. Det må difor enten hentast inn skriftleg samtykke frå eigar av gbnr 137/544 som seier at muren kan plasserast i nabogrensa/nærmare enn 4,0 meter. Det kan eventuelt søkast om dispensasjon frå avstandskravet. Ei alternativ løysing, om denne er mogleg, er at de senkar høgda på muren og trekker den minst 2,0 meter frå nabogrensa. Vi vil gjere merksam på at muren framleis vil vere i strid med den regulerte byggegrensa mot veg, og krev dispensasjon.

Eit anna punkt er at det kan sjå ut som om muren er plassert nærmare offentlege leidningar enn 4,0 meter. Eg har lagt ved eit situasjonskart som viser kor offentlege leidningar er plassert. Vi ber om at det vert vist kva avstand forstøtningsmuren har frå disse.

Om de ønskjer det, kan vi gje delvis løyve for søknanden om endring denne veka, dvs. løyve kun til at bygget kan heves 30 cm. Forstøtningsmuren må det søkast om med meir utfyllande dokumentasjon. De må vurdere korleis de ønskjer å gå fram. Gje ei tilbakemelding når de har bestemt dykk.

Med venleg helsing



**Kristin Nielsen**  
Rådgjevar byggesak

